

Stord Seilforening tysdagseglasar 2017

Tysdagsseglasane er for alle som har seglbåt, stor eller liten, regattaklar eller ikkje. Fokuset er å få flest mogleg seglbåtar på fjorden i uhøgtidlege kappseglasar. Seglasane skal være trening for både dei aktive regattaseglarane, tur og familieseglarane.

Alle båtar kan delta i tysdagsseglasane og det er ikkje krav om målebrev. Dersom ein er ny og ikkje har dette, ta kontakt med leiar regattakomiteen – Tor-Inge Miljeteig (948 03 446), så vil han anslå rating ihht det me ser andre tilsvarande båtar har.

Startkontingent for deltaking i seglforeningas tysdagsseglasar er Kr 350,- som vert fakturert av foreninga i etterkant. Startkontingenten er for heile sesongen (alle dei 15 seglasane).

Me oppfordrar alle til å bruke RACEQ.

RACEQs er en GPS basert app til smarttelefon. Denne kan forhandsprogrammerast til å starte før regattastart og vil automatisk registrere data frå regattaen for alle brukarane i seglasen.

Spør gjerne regattakomiteen om bruk av RACEQs.